

Referat frå årsmøte i Valdres Folkemusikklag 27. april 2022

Møtet vart halde i festsalen på Valdres Folkemuseum. Det deltok 15 personar. Desse laga var representerte: Begnaljom, Vårflaumen, Øystre Slidre, Vestre Slidre og Valdreskvelven. Dessutan møtte Ole Aastad Bråten som representant frå museet, Solveig Nestegard Gjeldokk frå Folkorg og våre to tilsette, Knut Aasatad Bråten (Jørn Hilmestemnet) og Frank Rolland (Strunkeveko)

1. Opning

Bente Hemsing vart vald til møteleiar og Bjørn Strand til referent. Til å skrive under protokollen valde årsmøtet Solfrid Olmhus og Ivar Hemsing. Sakliste og innkalling vart godkjent.

2. Årsmelding

Bente gjekk igjennom årsmeldinga, mens Frank og Knut tok for seg VFAS.

Årsmeldinga vart samrøystes vedteke.

3. Rekneskap

Det vart opplyst at kr. 50.000 som gjeld leige av merkevare blir ført i rekneskapen for 2022. Eigenkapitalen både i VF og VFAS er elles sær god.

Rekneskapen vart samrøystes vedteke.

4. Arbeidsprogram

Styret i VF i samarbeid med styret i VFAS tek ansvar for å oppdatere dei tekniske løysingane når det gjeld heimesida til VF.

Laget ynskjer også å styrke arbeidet med barne- og ungdomssatsinga og støtte gode prosjekt.

Årsmøtet sluttar seg til det framlagte arbeidsprogrammet med dei forslaga til endring som kom fram. Ein vil særleg vektlegge forslaget om å prioritere ungdomsarbeidet og styrke arbeidet med rekruttering.

5. Budsjett

Årsmøtet vedtok disse endringane:

Inntekter:

Post 3400 *utlån varemerke VFAS*: Kr. 100.000 i staden for kr. 50.000

Post 3410 *tilskudd*: Kr. 110.000 i staden for kr. 50.000

Sum tilskudd blir då kr. 210.000 i staden for kr. 100.000

Utgifter:

Post 5300 *lønn instruktør ungdomsarbeid*: Kr. 200.000 i staden for kr. 100.000

Post 6810 *IT-kostnader*: Kr. 50.000 i staden for kr. 5.000

Budsjettet med disse endringane vart samrøystes vedteke.

6. Val

Valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Styret:

Leiar:	Bente Hemsing	attval
Styremedlem	Frode Rolandsgard	attval
Kasserar:	Kyrre Strand	attval
Styremedlem:	Bjørn Strand	på val i 2023
Styremedlem:	Gyda Grøndalen	på val i 2023
Rep. Valdresmusea:	Blir oppnemnd av museet	

Varamedlemmer:	1. Anne Haugen Kolsrud	attval
	2. Mari Nustad	attval
	3. Berit Karlberg Myrvang	attval

Revisor:	Kim Tronrud	attval
	Runar Kolsrud	attval

Nemnda for minnefonda:

Andris Kvam	(vald for 3 år i 2020)	på val i 2023
Johanna Fuglesteg	(vald for 3 år i 2021)	på val i 2024
Ragnhild Kolsrud	(vald for 3 år i 2022)	ny i 2022

Utanom årsmøtesakene vart det ein del diskusjon rundt lokalekappelen og måten som ligg på drop box og rekruttering generelt. Dette vil styret kome attende til på neste styremøte.

Protokollen godkjent.

Solfrid Olmhus (Begnaljom spel- og dansarlag)

Solfrid Olmhus

Ivar Hemsing (Valdreskvelven)

Ivar Hemsing